



Kommunal- og moderniseringsdepartementet
Postboks 8112 DEP
0032 OSLO

Fylkesordføraren
Sakshandsamar:
Ole Ingar Hagen Hæreid
E-post: Ole.Ingar.Hagen.Hereid@sfj.no
Tlf.: 41530954

Vår ref.
Sak nr.: 15/11046-7
Gje alltid opp vår ref. ved kontakt
Internett l.nr.
8898/17
Dykkar ref.

Dato
LEIKANGER, 01.03.2017

Krav til naudnett i fylkesvegtunnelar

Eg viser til Dykkar brev av 06.12.2016 om krav til naudnett i fylkesvegtunnelar, og takkar for svaret.

I dag er det ikkje krav om naudnett i tunnelar på over 1 km når årsdøgntrafikken er under 4000. Sogn og Fjordane fylkeskommune har tidlegare gitt uttrykk for at det burde vere krav om naudnett også i lange tunnelar med trafikk under minstemålet på 4000, og at fylkeskommunane burde kompenseraast for meirkostnadane til dette. I Sogn og Fjordane har vi 33 tunnelar som er lengre enn 1000 meter (total lengde 63,4 km) og 26 tunnelar mellom 500 og 1000 meter (total lengde 18,3 km). Alle desse har ein årsdøgertrafikk under 4000 kjt/d.

I følgje Dykkar brev vil ikkje Statens vegvesen rá til at minimumskrava til lengde på tunnel og årsdøgntrafikk i tunnelen blir endra, men dei meiner samstundes at det er viktig med naudnett i tunnelar i eit større omfang enn det som følgjer av forskrifa.

Frå Statens vegvesen får fylkeskommunen faglege rád om tiltak i samband med utbetring av eksisterande tunnel som også omfattar rád om etablering av naudnett ut over krava i forskrifa. Dersom fylkeskommunen skal følgje desse ráda og etablere naudnett ut over krava i forskrifa, må fylkeskommunen dekke slike kostnader sjølv innanfor dei rammene vi har til drift og vedlikehald av fylkesvegnettet. Dette vil i så fall bety redusert drift og vedlikehald på veg i dagen, med påfølgjande redusert standard på vegnettet.

I desember 2015 vedtok fylkestinget i Sogn og Fjordane plan for rehabilitering av fylkesvegtunnelane som er omfatta av tunnellsikkerheitsforskrifta. Fram til 2024 må vi gjere tiltak etter forskrifta i 34 tunnelar. Det er sett av ei ramme på 1,4 mrd. kr til dette i perioden 2016-24. I tillegg er eit par tunnelar i ein slik forfatning at dei må finansierast over investeringsbudsjettet.

Innanfor kostnadsramma på 1,4 mrd. kr til tunnelrehabilitering er det ikkje teke høgde for å etablere naudnett i tunnelane. Dersom alle fylkesvegtunnelar over 1000 meter skal få naudnett, vil dette bety ein ekstra kostnad på om lag 165 mill. kr i høve vedteken plan for rehabilitering av fylkesvegtunnelane etter tunneltryggleiksforskrifta.

Til slutt vil eg trekke fram følgjande moment:

Det er ikkje primært Sogn og Fjordane fylkeskommune som har behov for naudnett i tunnelane. Det er naudetatar som brann, politi og helse (ambulanse) som er utan kommunikasjon mot sine sentralar i alle tunnelar utan naudnett. Gjennom fylkesberedskapsrådet i Sogn og Fjordane kjem det fram at naudetatane meiner at manglande naudnett i tunnelar er problematisk og at det til tider kan vere kritisk, særleg ved utsyrking. Det er nødvendig med eit godt utbygd naudnett for at naudetatane skal

kunne oppretthalde kontinuerleg radiokontakt med AMK-sentralar, andre tenestebilar m.m. Det er ei stor utfordring at vi manglar naudnett i mesteparten av tunnelane på fylkesvegnettet. Av 59 tunnelar over 500 meter er det berre 11 tunnelar som har naudnett i dag.

Manglande naudnett handlar både om tryggleik for beredskapsetatane og samfunnstryggleiken for folk som bur og jobbar i eit fylke som Sogn og Fjordane. Utbygging og finansiering av naudnett bør og må vere eit statleg ansvar – også i tunnelar som ikkje er omfatta av forskriftskrav.

Med helsing

Jenny Følling
fylkesordførar

Brevet er elektronisk godkjent og er utan underskrift

Vedlegg:

Mottakar (ar)
Kommunal- og moderniseringsdepartementet Postboks 8112 DEP 0032 OSLO

Kopi til: